



Solveig Haugland like etter start (Foto: Silje Bråtun)

Karusellrenn nummer 2 vart avvikla i Fjellhaugen i dag og det var null grader og fine tilhøve. Matre Idrettslag stod for arrangementet som hadde fellesstart med innlagt skibyte halvvegs for aldersgruppa 13 og oppover, Først var det klassisk og så skøyting, men dei yngste gjekk kun skøyting.

Mange uskedelinger deltok både i barnerennet og rennet etterpå.

I jenteklassa for 10 år og yngre var Andrea Hjelmeland, Ingeborg Huse Bjørnebøle, Ida M. Eidsvik og Sunniva Myklebust med.

I guteklassa for 10 år og yngre såg ein Jarand F. Eide, Viljar Simmones Tveit og Martin Hjelmeland Andresen.

Veslemøy Haugland vann klassa for jenter 11 år foran Rosendal Turnlags Kari Eide medan Solveig Haugland vart nummer 2 i klassa jenter 12 år etter Sara Guddal frå Rosendal.

I jenter 13 år var Maren Huse Bjørnebøle einaste deltakar.

I gutar 13 år vart Johannes Haugland andremann etter Håvard T. Hundstad frå Rosendal..

Kari Bråtun i 15-årsklassa gjekk denne gongen 5 kilometer på 20.19.

I klasse menn 21-35 år vann Vemund Hjelmeland frå Omvikdalen på 30,37 foran Ole Vidar Monsen og Yngve Myhre frå Uskedalen.

Dei to hadde tidene 31,37 og 33,44.

Pål Haugland i klasse 62-65 år fekk 37,57.